



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
25.01.2018  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2018/243 611  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordland

## Midlar til symjeopplæring for barn i barnehagar 2018

Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønskjer å drive symjeopplæring i barnehagen, kan no søkje Fylkesmannen om tilskot for 2018.

### Tilskot

Fylkesmannen i Hordaland lyser med dette ut tilskotsmidlar for symjeopplæring til barn i barnehagar. Fylkesmannen har fått tildelt kroner 6 062 400 som skal nyttast til formålet. Ein kan søkje om inntil kroner 1 800 per barn. Tilskotet blir fastsett av Fylkesmannen.

### Mål for opplæringa

Tilskotet skal bidra til at kommunar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

### Målgruppe

Barn i barnehagar i alderen 4-6 år i Hordaland som ikkje har fått tilskot tidlegare.

### Vilkår for tilskot

Opplæringa skal skje i barnehagen si opningstid, og skal i hovudsak skje i basseng. Midlane kan også brukast til å dekke transportutgifter til og frå symjehall. Det er viktig at gutar og jenter får eit likeverdig tilbod.

Ein kan søkje om tilskot for eitt kalenderår om gongen.

### Organisering

Tilskotsmottakarane vel korleis opplæringa skal organiserast og gjennomførast. Kommunar og frivillige organisasjonar må sjølve dekkje kostnader ut over tilskotet.

### Søknad om tilskot

Kommunar og barnehagar vert oppmoda om å samarbeide internt og å sende felles søknad til Fylkesmannen. Organisasjonar søkjer direkte til Fylkesmannen. Søknadsfrist er 16. mars.

Adresse for søknaden: Fylkesmannen i Hordaland.

Send e-post til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

## Rapportering

Tilskotsmottakarane skal innan 1. desember 2018 rapportere til Fylkesmannen om bruk av midlane. Rapporten skal innehalde informasjon om kor mange barn (gutar og jenter) som deltok frå kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og kor mange timar det er brukt på symjeopplæringa totalt.

Med helsing

Hanne Melander  
seniorrådgjevar

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*